

Nasal provokasjon

Ved nasal provokasjonstest framprovoserer me ein allergisk reaksjon i naseslimhinna gjennom ei kontrollert eksponering med det allergenet me mistenkjer du reagerer på, til dømes husstøvmidd eller bjørk. Testen kan fastslå om mistenkt allergen gjer deg dei symptomata du plagast med. Dette har betydning for vidare behandling av plagene dine. Nasal provokasjonstest er ein trygg prosedyre.

FØR

For at testen skal kunna gjennomførast skal du vera frisk. Du skal ikkje ha vore forkjølt siste 2-4 veker, og ikkje hatt operasjon i nase/bihuler siste 6-8 veker. Testen vert heller ikkje utført ved graviditet. Du skal ikkje ta vaksiner siste veka før og etter provokasjonstesten.

Om du brukar astmamedisinar skal du ta desse som vanleg.

For at provokasjonen skal kunna gjennomførast, må du før du kjem unngå enkelte medisinar.

Medisiner som må unngås før provokasjon:

Lokalbehandling i nese/nesespray:

Steroider (T.d. Nasonex, Mometasone, Avamys, Flutide, Dymista)	7 dager
Antihistaminer (T.d. Livostin)	3 dager
Alfa-adrenergika (T.d. Zycomb, Zymelin, Rhinox, Otrivin)	24 timer

Systemisk behandling/tabletter:

Steroider (T.d. Prednisolon, Dexametason)	7 dager
Antihistaminer (T.d. Cetirizin, Aerius, Loratadin, Kestine, Zyrtec)	7 dager
Alfa-adrenergika (T.d. Rinexin)	24 timer
Leukotrien antagonist (T.d. Montelukast/Singulair)	7 dager
Betablokker (T.d. Selo-Zok, Metoprolol, Atenolol, Trandate)	24 timer
ACE-hemmer (T.d. Renitec, Zestoretic, Enalapril, Zanipress)	24 timer

Lokalbehandling i øye/øyedråper:

Antihistamin (T.d. Livostin, Opatanol, Zaditen)	3 dager
Kromoner (T.d. Lomudal, Lecrolyn)	24 timer
Steroider (T.d. Spersadex, Ultracortenol, Softacort)	7 dager

UNDER

Me startar med å registrera symptom. Deretter vil me gjera pusteprøve PEF, som måler farten på lufta når du pustar raskt og kraftig ut, og ein nasetest PNIF, der du skal halda ei maske tett over nase og munn medan du trekkjer pusten kraftig inn gjennom nasen. Ved provokasjonen får du ein nasespray med mistenkt allergenekstrakt som du sjølv sprayar opp i nasen. Allergenekstraktet vert gjeven i aukande dosar med 15 minutt mellom kvar dose. Før og etter kvar provokasjon registrerer me symptom og gjer pustetest og nasetest. Om du får reaksjon på provokasjonen vil det ofta bli i form av kløe, nysing, renning eller tettheit i nasen. Reaksjonen vil gå tilbake innan kort tid, og som regel innan 30 minutt.

ETTER

Etter provokasjonen må du vera i avdelinga i 30 minutt etter siste dose er gitt. Du må rekna med å vera i poliklinikken i totalt ca 2 timer. Ved symptom etter provokasjonen kan du få behandling med allergitablettar, nasespray, eller astmaspray, alt etter kva symptom du eventuelt får.

Kontaktinformasjon

Har du spørsmål, ring oss gjerne på telefon 55 97 38 70/75 mellom kl. 08.00 og 15.30 mandag-fredag.

Les mer om pollenallergi:

<https://helsenorge.no/sykdom/astma-og-allergi/pollenallergi>